



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
120/22	Formannskapet	05.10.2022
68/22	Kommunestyret	20.10.2022

## Reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026

### Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek framlegg til "Reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026".
2. Kommunen vidarefører gratisprinsippet for utleige av kommunale bygg. Frivillige lag og organisasjonar heimehøyrande i Luster kommune, får nytte kommunale bygningar vederlagsfritt, så langt bruken ikkje påfører kommunen ekstra utgifter til reinhald og tilsyn.

### Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 05.10.2022 - 120/22

1. Kommunestyret vedtek framlegg til "Reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026", med følgjande endringar:  
Føreslegen endring i punkt 3.1 utgår. (det skal framleis vere høve til å søke refusjon for instrumentkjøp året etter).  
Punkt 4.2. Overgangsordninga for søknader sendt inn før 1.10.2019 må ferdigstillast i løpet av 2023.
2. Kommunen vidarefører gratisprinsippet for utleige av kommunale bygg. Frivillige lag og organisasjonar heimehøyrande i Luster kommune, får nytte kommunale bygningar vederlagsfritt, så langt bruken ikkje påfører kommunen ekstra utgifter til reinhald og tilsyn.

**Kommunestyret 20.10.2022**

**Handsaming:**

Tilleggsframlegg frå V v/Jon Ove Lomheim:

Formannskapet si tilråding i punkt 1 med følgjande tillegg i punkt 4.5 i reglementet:

Til rehabilitering/ombygging kan dugnad med verdi på arbeid frå entrepenør, til dømes målararbeid, godkjennast som del av søknadsgrunnlaget/finansieringa. Anlegget må vera registrert i anleggsregisteret i kommunal plan.

Formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg frå Lomheim samrøystes vedteken.

#### **KOM - 68/22 vedtak**

1. Kommunestyret vedtek framlegg til "Reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026", med følgjande endringar:  
Føreslegen endring i punkt 3.1 utgår. (det skal framleis vere høve til å søke refusjon for instrumentkjøp året etter).  
Punkt 4.2. Overgangsordninga for søknader sendt inn før 1.10.2019 må ferdigstillast i løpet av 2023.  
Punkt 4.5 tillegg: Til rehabilitering/ombygging kan dugnad med verdi på arbeid frå entrepenør, til dømes målararbeid, godkjennast som del av søknadsgrunnlaget/finansieringa. Anlegget må vera registrert i anleggsregisteret i kommunal plan.
2. Kommunen vidarefører gratisprinsippet for utleige av kommunale bygg. Frivillige lag og organisasjonar heimehøyrande i Luster kommune, får nytte kommunale bygningar vederlagsfritt, så langt bruken ikkje påfører kommunen ekstra utgifter til reinhald og tilsyn.

#### **Formannskapet 05.10.2022**

##### **Handsaming:**

Morten Vigdal tok opp spørsmål om han er ugild, som styreleiar i organisasjon som vil bli påverka av reglementsending.

Formannskapet vedtok at han ikkje er ugild.

Endringsframlegg 1 i møtet:

Føreslegen endring i punkt 3.1 utgår. (det skal framleis vere høve til å søke refusjon for instrumentkjøp året etter)

Endringsframlegg 2 i møtet:

Punkt 4.2. Overgangsordninga for søknader sendt inn før 1.10.2019 må ferdigstillast i løpet av 2023.

Rådmannen si tilråding med dei to endringsframlegga i møtet vart samrøystes vedteken.

#### **FSK - 120/22 vedtak**

1. Kommunestyret vedtek framlegg til "Reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026", med følgjande endringar:  
Føreslegen endring i punkt 3.1 utgår. (det skal framleis vere høve til å søke refusjon for instrumentkjøp året etter).  
Punkt 4.2. Overgangsordninga for søknader sendt inn før 1.10.2019 må ferdigstillast i

løpet av 2023.

2. Kommunen viderefører gratisprinsippet for utleige av kommunale bygg. Frivillige lag og organisasjonar heimehøyrande i Luster kommune, får nytte kommunale bygningar vederlagsfritt, så langt bruken ikkje påfører kommunen ekstra utgifter til reinhald og tilsyn.

### **Samandrag:**

Kulturtilskot skal bidra til auka innsats i det frivillige organisasjonslivet og til aktivitetar som bidreg til å utvikle gode sosiale og kulturelle møteplasser, fysisk aktivitet og lokal identitet. Reglement for tilskot til kulturføremål vart revidert av ein mellombels kulturkomitè i 2018. Kommunestyret godkjende framlegget frå komiteen gjeldande frå 2019 til og med 2022. Reglement gjeldande frå 2023, vert no lagt fram til godkjenning av kommunestyret. Reglementet gjeld aktivt kulturarbeid innanfor det utvida kulturomgrepet, det vil seie at det også inkluderer idrett og friluftsliv.

**Utval som har vedtaksmynde:** Kommunestyret

### **Fakta:**

Kommunestyret sette i 2018 ned ein sakskomite for oppfølging av reglement for kulturtilskot. Dei hadde 6 møte der dei mellom anna hadde ope møte der framlegg til nytt reglement vart presentert.

Framlegget var også ute på høyring. I framlegg til "Reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026" er det lagt inn forslag om små endringar som mellom anna auka sats i kap. 2 - grunnstønad, frå kr 250 til kr 300.

Det er utarbeida søknadskjema for kvar ordning og dette gjer det enklare å søkje.

Det blir lagt opp til at alle frivillig lag og organisasjonar framleis skal ha gratis tilgang til kommunen sine møtelokale, aktivitetsrom, kjøken m.m. Utleiga skjer mellom anna gjennom systemet [bookup.no](http://bookup.no).

### **Vurdering:**

#### **Prioritere barn og unge**

Som tidlegare ordning blir det lagt opp til at kommunen prioriterer tilskot til kulturføremål for barn og unge. I framlegg til nytt reglement er det føreslege å auke grunnstønaden i kap. 2 frå 250 til kr 300 per betalende medlem under 20 år til organisasjonar som dokumenterer aktivitet for barn og ungdom under 20 år.

#### **Refusjon for drift av bygg og anlegg til kulturføremål (kap. 4):**

Ordninga gjev støtte til forsamlingshus og idrettsanlegg. Eit vilkår for å få tilskot til drift av anlegg til kulturføremål er at søkjar er ein frivillig organisasjon med minimum 15 betalende medlemmar og at anlegget har tilgang for rørslehemma og at det er HC-toalett. Dugnad inngår ikkje i søknadsgrunnlaget for tilskot til drift av bygg og anlegg.

Til rehabilitering/ombygging av hus og anlegg er søknadsgrunnlaget heva frå inntil kr 75 000 til kr 100 000.

Eit alternativ til framlegget i kapittel 4 i punkt 5 kan vera: Til rehabilitering/ombygging blir det gjort framlegg om at der dugnad erstattar utrekna verdi på arbeid frå entrepenør, kan det godkjennast som del av søknadsgrunnlaget/finansieringa. Til dømes målararbeid. Anlegget må vera registrert i anleggsregisteret i kommunal plan. Rådmannen legg med dette fram forslag til reglement for tilskot til kulturføremål, gjeldande frå 2023.

### **Gratis leige av kommunale bygg**

Ved å ha gratis tilgang til møtelokale, aktivitetsrom, kjøken med meir kan frivillige organisasjonar ha aktivitetar utan store utgifter for organisasjonen. Gratis leige er truleg den største støtteordninga til frivillige organisasjonar.

### **Vedlegg**

Rådmannen sitt framlegg til reglement for tilskot til kulturføremål 2023 - 2026